

Alle som skal begynne i 1. klasse er velkomne til å bli med på Sommarles 2020



SOMMARLES - NOREGS KULASTE LESEKAMPANJE

Til føresette!

Sommaren er ei fin tid til å lese bøker. Lesing er viktig, og gode leseopplevelinger er kanskje endå viktigare. Derfor vil vi invitere dykk til å bli med på **Sommarles** saman med den kommande 1.-klassingen din. Kampanjen oppmuntrar til lesing og bibliotekbesøk gjennom sommaren. Nettsida **Sommarles.no** opnar 1. juni og kampanjen varer til 31. august. Før 1. juni kan de sjekke **alton.sommarles.no** for meir informasjon.

All lesing tell! Lesekampanjen er ikkje berre for dei som kan lese. På **Sommarles.no** kan ein både registrere bøker som barna har lese sjølv og bøker dei har lese saman med nokon eller lytta til (høgtlesing og lydbøker). Utan nett-tilgang i sommar? Da kan du registrerer på lesekort du får på biblioteket.

For kvar bok som blir registrert, får barnet XP (poeng) og går etter kvart opp i level. Barna kan få både digitale trofé på nettsida og dei kan hente fysiske premiar på biblioteket. Det er premie å få på level 10, 20 og 30. Inne på **Sommarles.no** er det også ei spennande forteljing om Asbjørn og Astrid, skriven av Mari Moen Holsve. Du kan lese, svare på oppgåver og samle enda fleire poeng.

Vi håpar at de vil hjelpe barna slik at dei kan delta på lesekampanjen og gje dei gode leseopplevelinger heile sommaren! Ta gjerne turen innom oss på biblioteket for å få vite meir.

Seljord bibliotek er ope torsdagar kl. 12 – 19 i sommar.

Seljord bibliotek, Nyveg 16, 3840 Seljord. – Tlf. 35 06 51 56. - biblioteket@seljord.kommune.n